



Forrige onsdag hadde korpset ein kjekk tur til Låganåso.

Det var eit korps i god medvind som avslutta sesongen då Uskedal skulemusikk hadde konsert for foreldre, søsken og andre inviterte i strandstova i båthamna onsdag ettermiddag. Etter ein trang start i fjor haust har medlemstalet blitt meir enn dobla gjennom sesongen, og musikarane gav dei frammøtte ei herleg musikkstund saman med dirigenten Tor Skeie Olsen.



Korpset under den flotte konserten i Strandstova.

Då alder gjorde at det vart naturleg avgang då trufaste, dyktige musikarar gjennom mange år slutta etter forrige sesong, vart det eit brutalt generasjonskifte. Dirigenten saman med eit driftig styre sette i gang tiltak, mellom anna eiga aspirantopplæring. Dette har vore særst vellukka, medlemstalet er meir enn dobla frå 6 til 14, og denne aspirantordninga vil halda fram til hausten. Til no har 3 aspirantar meldt seg, men styret er interessert i fleire. Dei som har lyst til å vere med, kan kontakta Monica Hermann (906 35 493) eller Haldis Aakra (970 43 869).

Korpset har hatt ei kjekk avslutning på sesongen. Forrige onsdag var dei på tur til Låganåso. På veg oppover frå kalkestasjonen var det lagt ut 16 postar med artige musikkquiz-oppgåver med premiering. På toppen kosa dei seg med godt å ete og drikke, og i tillegg var det ulike aktivitetar i det nydelege veret. Kanskje var det første gongen den populære leiken 'Bom 50' vart leika på Låganåso? Gøy var det i alle fall!!!

Denne onsdagen var det klart for strandkonsert. Det var imponerende å få vera til stades under programmet som var øvd inn etter 17.mai. Det høyrdest verkeleg at det hadde vore jobba godt gjennom sesongen. Heilt avgjerande for at dei kunne ha konserten, var det nok at korpset ikkje stoppa opp, men heldt det gåande med digitale øvingar under den verste korona-perioden.

Vi fekk høyre både fellesnummer og solistnummer. Korpset sette an tonen med eit stykke som heiter 'Oats and Beans' før dei fulgte opp med ein flott versjon av velkjende 'Fader Jakob'. Deretter var det klart for ei solistavdeling. Imponerende framføringar! Utruleg kjekt å høyra dei to førsteklasingane Margrete F. Feet og Anna Hermann Fossli framføra med slik sikkerhet og flott tone i krevjande messinginstrument. Anna(kornett) spelte 'Puff the magic dragon' medan Margrete framførte 'Kom og hør på hornmusikk'.

Vi fekk også høyra ein skikkeleg tubasolo då Iver Hermann Fossli framførte tema frå Flåklypa. Skikkeleg god trøkk i den guten, og samtidig imponerte det underteikna at han spela på det store, tunge instrumentet sitt medan han bevega seg framover på scenen. Flott, Iver!!!

Ei perle i konserten var det då ein kvintett beståande av Signe Karine Koløy (kornett) og søskena Anna, Ebba (begge kornett), Ola (trombone) og Iver Hermann Fossli (tuba) framførte eit arrangement av 'Alle fugler' denne usedvanleg vakre sommarettermiddagen i båthamna. Stemningsfullt!

Som avslutning på konserten framførte korpset 'Rattata' med trøkk og presisjon, ja, på ein måte som gjer at vi verkeleg gler oss til å høyra dei neste sesong.

Etter at styret hadde takka den populære og dyktige dirigenten Tor Skeie Olsen med blommar, var det klart for is, bading og ferie. Men viss eg kjenner dei ivrige musikarane rett, trur eg ikkje dei vil gje instrumenta heilt ferie!



Nydeleg framføring av Alle fugler



Margrete F. Feet bomma ikkje på ein einaste tone. Imponerende førsteklassing.



Anna Hermann Fossli med nydeleg tone og sikkert spel. Imponerende førsteklasing.



Iver Hermann Fossli tok oss med til Flåkløya i ei flott framføring.



Grovmessing og slagverk.



Finmessingen.



Det er god ballanse i korpset med fin fordeling på instrumentgruppene.



Flinke musikantar!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

Fjellfoto: Haldis Aakra.